

NR. 8

OKTOBER 1981

14. ÅRGANG

## Stillhet i ordet!

Er det for mye aktivitet og for lite stillhet i Ordet blandt kristne i dag? Er det derfor der er så lite frukt av all aktivitet, - så lite seier i kristenlivet? Jesus sier i Joh. 8.31 at «dersom dere blir i mitt ord, er dere virkelig mine disipler». Det er i stillheten i Ordet at den Hellige Ånd virker. Der gis oss ingen åpenbaring fra Gud uten gjennom Ordet. Vil vi vite hvordan vi skal leve livet vårt, må vi leve i Ordet der ånden virker. Likeledes i fristelser, lidelser og sykdom er det bare Ordet som kan hjelpe oss og gi trøst, - ikke hva vi selv føler eller opplever.


Likeledes blir det i Ordet at vi lærer Jesus å kjenne. Han som er veien, sannheten og livet. Han som er vårt alt, for i Ham har vi alt vi trenger til av kraft og styrke, tålmodighet og fred. Gud gir ikke oss dette, men han gir oss dette i Kristus.

Han, Gud, skal fylle all vår trang i herlighet, i Kristus. Fil. 4.19.

Kari Hamre.

*Vi presenterer:*

## Anne-Line og Valborg



Arna kyrkjelyd ha fått eittåring i år! Anne-Line Sandegren frå Ammerud menighet i Oslo er eittåring i Ungdomsforbundet, og «gir eit år» som barne- og ungdomsarbeidar i kyrkjelyden vår. Du møter henne m.a. i ungdomsklubben Treffan. Ho har treffetid på kyrkjekontoret tysdag kl. 10-11.30 og torsdag kl. 12-14.

Valborg Natvig, menighetsleven vår, er fra Haugesund. Ho er elev ved Menighetsseminaret i Bergen, og har praksis i Arna kyrkjelyd to dagar i veka. Valborg møter vi også i barne- og ungdomsarbeidet. Ho skal m.a. vera med i leiinga i Ten Sing.

Vi ynskjer dei to nye medarbeidarane velkommen, og vonar at dei vil trivast i Arna.

## Givartenesta

I samband med at Arna kyrkjelyd har fått både menighetslev og eitt-åring frå september 1981, arbeider ein med å byggja ut den givartenesta som har fungert godt eit år tidlegare.

Dei to nye medarbeidarane i kyrkjelyden er ulønna, men vi treng pengar til husleiger, kostpengar og ymse anna.

No ber vi om di hjelp. Dersom du ikkje alt har teke mot brev med giroblankettar, oppmodar vi deg til å vera snar og melda deg som givar. Vi har bruk for deg også i denne samanhengen. Du kan melda deg til Arna kyrkjekontor, tlf. 24 04 00 eller til Bj. Fjelltveit, tlf. 24 05 82.

Vi veit at du nok frå før gir til Guds rikes arbeid, men vi trur også at du/eg maktar litt til. I alle høve gjer vi det når vi løftar i flokk.

Velkommen i Givartenesta!

## Ny prest til Arna

Det betyr ikkje at vi har fått ein tredje prest til Arna, men at den nye døvepresten for Vestlandet, Asgeir Straume, har busett seg i Arna, nærare bestemt i Londalen. Asgeir Straume er 34 år og fødd på Radøy. Etter at han var ferdig utdanna ved Menighetsfakultetet har han vore prest i Ålvik i Hardanger. Vi ynskjer han og familien hans velkomne til Arna.

## Konfirmasjons tida tek til


- Konfirmasjon i mai, - nye konfirmantar i september. Til kon-

fir manttida har det no meldt seg 174 i Arna, 11 på Trengereid og 55 i Ytre Arna. Ein stor flokk - av ein skild menneske! Eg har tenkt litt på dette - kor lett vi har for å sjå på og snakka om flokken - «dei unge», «skuleungdomen», «konfirmantflokk» og så vidare. Eg har eit ynskje framfor dette konfirmantåret: at vi må møta ein skild personane. Det er han og henne det gjeld no. Sjølv sagt er det slik for oss konfirmantlærarar at vi må undervisa ein klasse - ha kontakt med grupper. Men eg ynskjer og ber om at vi - både leiarar og kyrkjelyden elles - må ha omsorg for den ein skilde.

Konfirmantane er ikkje berre presten eller kateketen si sak, men dei er like mykje kyrkjelyden si sak. Difor vert konfirmantane presenterte i kyrkja når konfirmasjonstida tek til.

Du kjenner sikkert nokon av dei. Då har du også ansvar for dei - i omsorg og forbøn. Du som ber: Hugs oss også i bøn når vi samlast til konfirmantsamvære og gudstener. Vi står saman i tenesta.

Målfrid Sandvik.



— En salmebok til, så kan jeg se presten....

## NY PRESTE- DRAKT

Det vert mykje nytt som skal ta-kast i bruk i kyrkja med det første. Som dei fleste sikkert veit har vi fått ny prestedrakt i kyrkja. Det har vore arbeid med spørsmålet i mange år og ein har no kome fram til ei heller enkel kvit drakt

som ein kallar alba. Tøystykka som heng ned på framsida heiter stola, og har fargar etter dei ulike tidene i kyrkjeåret.



## Kyrkjelyds- festar

### Arna

Det vert kyrkjelydsfest i Arna bedehus søndag 11. oktober kl. 18.00. Program vert kunngjort seinare.

### Ytre Arna

Søndag 1. november kl. 17.00 vert det kyrkjelydsfest i Kyrkjelydshuset. Denne gongen får vi besøk frå Sjømannsmisjonen, og vi vil laga eit «Fest på kjerka»-program. Samstundes vert det også innsamling av julepakker til sjøfolk, så lag til pakke og ta med.

## KYRKJESKYSS

Rutene for Bergen - Hardanger Billag er no slik at det kan høva godt å koma til kyrkje i Arna både frå Haukeland og Tunes. Vi vil gjerne oppmoda om å bruka busane.

Men det er også klart at det er eldre/uføre som ikkje kan nytta bussen. Diakonate har arbeid med å få til ei skyssordning for dei som må ha privatbil for å koma seg fram, og som ei prøveordning har ein no kome fram til at desse kan ringja innan fredag kl. 14.00 om ein vil til kyrkje søndagen: Arna sokn: Kyrkjekontoret tlf. 24 04 00.

Ytre Arna sokn: Brynjar Rismyhr tlf. 24 26 61.

I Ytre Arna køyrer dessutan ein bil frå Kvamme ca. 10.30 kvar søndag det er gudsteneste i kyrkja.



## Stor misjonsfest

i Arna Bedehus søndag 4. oktober kl. 18.00. Tale av krins sekr. Magne Grønlien og landskvinnesekretær Elsa Hanche. Duettsong. Servering. Misjonsoffer. Alle er hjarteleg velkomne.

## Til alle 4-åringar i Ytre Arna

Alle døypte born som er fødde i 1977 og no bur i Ytre Arna, får boka «Mi kyrkjebok» som gåve frå kyrkjelyden. Om du er 4 år og ikkje nokon alt har kome heim med boka til deg, kan du ringja 24 13 25 (prestekontoret) så skal du få ei bok du også!

# Familieside

## DØYPTE:

### Arna sokn:

12/7: Trude Greve døypt i Voss kyrkje.

26/7: Inger Anne Taule døypt i Storetvedt Kirke.

2/8: June Apalset Henriksen, Christian Arnø, Bjørn Inge Skjoldal.

9/8: Jan-Charter Hasti, Arne Ove Hals.

9/8: Siril Bente Langhelle døypt i Solheim Kyrkje, Masfj.

16/8: Mette Øijord og Lisbeth Kvam døypt i Trengereid Kapell.

23/8: Bjørn Inge Odland, Kim André Njaastad.

30/8: Stian Knudsen, Line Hansen.

13/9: Anders Hartveit og Tore Hisdal.

16/9: Katrine Johanson og Ann Cathrin Kvamsdal.

### Ytre Arna sokn:

23/8: Jannicke Eide, døypt i Arna.

6/9: Rune Hjemdal.

20/9: Kjartan Hjemdal Pedersen.

## VIGDE:

### Arna sokn:

1/8: Per Arne Lindvik og Wenche Nilsen.

8/8: Arild Rolland og Anne Karin Minde.

8/8: Frode Garmanslund og Sigrun Tøkje vigde i Storetveit.

15/8: Tore Karlsen og Gerd Wenche Skogseide.

22/8: Axel Timm Erichsen og Nina Espeland.

22/8: Thorbjørn Olsen og Marianne Rolland.

22/8: Arthur Korneliussen og Ranita Wilhelmsen. Vigde i Maria-kirken.

12/9: Henning Thunestvedt og Kjersti Vambheim.

### Ytre Arna sokn:

22/8: Rune Haugland og Irene Dalheim.

## DØDE:

### Arna sokn:

2/8: Johanna Mathilde Ommedal, f. 1902.

5/8: Karine Oline Seim, f. 1895.

12/9: Andrea Romslo f. 1894

13/9: Aud Askeland Paulsen f. 1941

18/9: Kristian O. Hølen f. 1912

26/9: Malvin Kvam f. 1918

### Ytre Arna sokn:

11/8: Jenny Tuft f. 1899.

13/8: Ingeborg Skreien f. 1908.

14/9: Olav Birkeland f. 1923

17/9: Engel Haugland f. 1896

## OFRINGANE I KYRKJELYDANE

### Arna:

9/8: Kyrkjelydsarbeidet .. 757,-

16/8: Bjørgvin bisped. råd . 1106,-

30/8: Menighetsfakultetet . 1000,-

6/9: Kyrkjelydsarbeidet .. 1437,-

13/9: Kyrkjelydsarbeidet .. 1692,-

13/9: Kyrkjelydsarbeidet .. 650,-

### Trengereid:

16/8: Santalmisjonen ..... 435,-

### Ytre Arna:

9/8: Kirkens SOS ..... 611,-

23/8: Kristent arbeid

mellom blinde ..... 706,-

6/9: Kyrkjelydsarbeidet .. 1157,-

Presten  
har  
ordet



Øyvind Øy.

## Born og nattverd

Kyrkjedepartementet ga i mai løyve til å senke aldersgrensa for born som kan vera med ved nattverden. Resolusjonen har fylgjande ordlyd: «Barn som har fylt 6 år kan gis adgang til nattverden i familiesammenheng og i særlege tilfelle ellers».

Dette spørsmålet har vore oppe til drøfting i fleire år, og det er brei semje om den ordninga som vert innført. Like vel kjennest dette framandt for dei fleste av oss. Vi har bruk for å innstille oss på den nye ordninga både som kyrkjelyd og som foreldre.

Ordninga reiser mange spørsmål som vi vil kome attende til etter kvart og det er utarbeidd reglar for korleis innføringa skal leggjast opp. I våre kyrkjelydar vil det truleg gå ei stund før vi aktivt tar opp arbeidet med innføring av den nye ordninga. Men eg vil gjerne at kyrkjelydane skal vera litt orientert alt no.

Eg vil og nemne at både her og andre stader er det ein del som tar born med fram til altarringen under nattverden og presten legg handa på dei og velsignar dei. Det er ei fin ordning som fleire kan nytte seg av. Samstundes kan det vere med for å opne for den nye ordninga som kjem.

## Bibelgruppe

Ynskjer du å vera med i ei bibelgruppe- og ikkje veit korleis du kan koma med? Då kan det verta ei råd med det. Du kan ringja Kyrkjekontoret i Arna og melda deg på der. Telefon 24 04 00.

## Nye messehaklar i Ytre Arna kyrkje

Ytre Arna kyrkje har hatt ein messehakel som har vore velbrukt. Den var no sundsliten og stygg å sjå til. I fjor fekk ein midlar frå kommunen til å kjøpa ein ny messehakel. Den er no komen på plass i kyrkja. Han er kvit med Kristusmonogram bak og kross framme.

I tillegg til dette kom familien Ulveseter i Arna og sa dei ynskde å gje ein messehakel til kyrkja som ei minnegåve etter Bertha Røslund og hennar familie: Anders, Anna Karina og Maria (Ulveseter). Dei var nær knytta til Ytre Arna kyrkje.

Denne messehakelen er no også på plass — og vart teken i bruk 12.7. Den er grøn med kross bak og bokstavane: IHS: Jesus, menneskja sin frelsar.

Me vil gjerne takka så mykje for denne fine gåva. Med to messehaklar i ulike fargar, kan ein framheva dei ulike tidene i kyrkjeåret — som frå gammalt har sine faste fargar.

No vantar ein berre ein i fiolett for å ha dei tre hovufargane.

## KYRKJEMUSIKK I OKTOBER



Arna kyrkje:

*Onsdag 14. oktober kl. 20.00:*

**FOLKETONEKVELD** ved Arna kyrkjekor. Religiøse folketonar frå Sørlandet og Vestlandet i arrangement for solistar, kor og orgel. Andakt. Kollekt.

*Søndag 25. oktober kl. 17.00:*

**HEILE KYRKJELYDEN SYNG.** Barnerøster og barnegospel, Gospelkoret Agape frå Storetveit. Fleire lokale kor og musikk-krefter.

**GUTTEKORET** er kome godt igang og har fått 14 nye aspirantar i alderen 9-13 år. Oppslutnaden er frå alle skulekrinsar, og det er framleis plass for fleire gitar. Øving kvar torsdag kl. 17.00-18.00 i Arna kyrkje. Orientering v/orga-nisten tlf. 24 04 00 tysd.-fred. før kl. 14.00.

## BØNNEN

*rommer uanede muligheter:  
for ved bønn kan alt  
forvandles:*

*mennesker, ting,  
nød og forhold. —*

**BØNNEN HAR EN  
UENDELIG KRAFT.  
MB.**

Vi starter opp igjen med bønne-samværene i kirken om tirsdags-kveldene kl. 20.00. Første samvær blir tirsdag 22/9.  
DU er velkommen.

R. Berg



## Frå sokneråda

Det er soknerådssval i år, og da-toen for valet er sett til 8. nov. for alle kyrkjelydane i Bergen. Me kjem attende med nærare omtale av det i neste nr.

— Arna kyrkjelyd har i år fått 2 nye medarbeidarar — eittåring og menighetselev. Soknerådet har vedteke å byggja ut gjevartenesta slik at ein kan få pengar til det som dette kostar. Sjå meir om det ein annan stad i dette bladet.

— Arna sokneråd har no vedteke å senda ut brosjyra: «Orientering om dåpen» når ein får fødsels-meldinga for borna. I Ytre Arna har det alt vore gjort ei tid. Dess-utan får alle som melder dåp i beg-ge sokna utdelt heftet: «Dåp i Guds hus». Det heftet forklarar kva dåpen er og viser og korleis ordninga for dåpen er i kyrkja.



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

**GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår  
bensinstasjon!*

**Arnatveit Auto Senter**

**J.B. Myklestad**

5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



**Solstrands  
Blomsterforretning**  
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand  
Begravelsesbyrå**  
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50  
*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**  
Banken i Arna — for Arna-  
folk, der alle kundar, store  
som små, er hjarteleg  
velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna**

**EPELAND  
GARTNERI**

Telefon 24 08 09  
Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

**EPELAND  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08  
Begravelser og bisettelser  
ordnes. Transport med egen  
bil. Annonser, sanger, sløy-  
fer. Monumenter besørjes  
opsatt.

**ARNA SPAREBANK**  
Indre Arna - Espeland - Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866  
**Banken der du bur**

— til bygdefolket sitt  
beste gjennom 115 år.

**ALLE VET**  
at vi selger nyere utvalgte  
vogner. Prøv hos oss De og-  
så. Vi gir god service.  
**Kversøy Bilforretning**  
EPELAND  
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har laveste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

**ARNA ELKJØP A/S**

Ytre Arna — telefon 24 11 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største kje-  
de av elektriske forretninger  
EL-KJØP

**I MIN FORRETNING**  
finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp.

*Kleiveland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

# Velkommen til kyrkje



## 4. oktober:

**Arna kl. 11:** Res.kap. Sundsbø, familiegudsteneste. Søndagsskolens dag. Offer til Bergen krins av norsk søndagsskoleforbund.

**Ytre Arna kl. 11:** Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Søndagsskolens dag. Offer til Arna søndagsskolelag.

**Unneland kl. 18.00:** Res.kap. Sundsbø. Hausttakkegudsteneste.

## 11. oktober:

**Arna kl. 11:** Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Den indre Sjømannsmisjon. Sondagsskule i Borgstova under gudstenesta.

**Ytre Arna kl. 11:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

## 18. oktober:

**Arna kl. 11:** Akademilektor Sigurd Vengen. Arna kyrkjekor. Offer til Norsk lærerakademi. Sondagsskule i Borgstova under gudstenesten.

**Ytre Arna kl. 11:** Akademilektor Arve Brunvoll. Offer til Norsk lærerakademi.

**Trengereid kl. 11:** Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Skuleborn tar del.

## 25. oktober:

**Arna kl. 11:** Skuleungdomsprest Gunnstein Sandnes og res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Norges student- og skuleungdomslag. Sondagsskule i Borgstova under gudstenesta. Kyrkjekaffi.

**Arna kl. 17.00:** Helle kyrkjelyden syng.

## 1. november:

**Arna kl. 11:** Sokneprest Øy. Nattverd. Sondagsskule i Borgstova under gudstenesta.

**Ytre Arna kl. 11:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.

**Takvam kl. 16.30:** Sokneprest Øy.

### ARNA PRESTEGJELD

**Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 – 11.30

Torsdag kl. 17.30 – 19.00

**Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8:** Tlf. 24 13 25.

**Kontortid:** Tysdag 17.00 – 18.00 og fredag 09.00 – 10.00.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

**Redaksjonsnemnd:** Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

**Bladpengar:** kr. 25.-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

**Frist for innlevering av stoff til nr. 9: 10. okt.**